

Gje meg handa di, ven

*Gje meg handa di, ven,
når det kveldar,
det blir mørkt og me treng
ei hand.*

*La dei ljose og venlege
tankar
fylgje oss inn i draumars
land.*

*Lat varmen frå ein som er
glad i deg
tenne stjerner i mørkaste
natt.*

*Gje meg handa di, ven,
når det kveldar,
det blir mørkt og me treng
ei hand.*

*Varme tankar og hender
som trøystar
er som sol over frosen
jord.*

*Kjenne varmen frå ein
som er nær deg
gjev langt meire enn store
ord!*

*Lat varmen frå ein som er
glad i deg
tenne stjerner i mørkaste
natt!*

*Gje meg handa di, ven,
når det kveldar,
det blir mørkt og me treng
ei hand.*

